

Aurland kommune



Kommunal planstrategi

2020 - 2023

Utkast

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Det kommunale plansystemet	3
1.2	Føremål med planstrategien	4
	Om dokumentet	4
2	Nasjonale og regionale føringar	4
2.1	Nasjonale føringar	4
2.2	Regionale føringar	5
3	Plansystemet i Aurland kommune	5
3.1	Plansystemet - status	5
3.2	Plansystem frå 2020	6
	Kommunal planstrategi	6
	Kommuneplanen – samfunnsdelen.....	6
	Kommuneplanen – arealdelen	6
	Reguleringsplan	6
	Tematisk kommunedelplan	7
	Tematiske planar	7
	Økonomiplan med kommuneplanen sin handlingsdel.....	8
	Årsbudsjett	8
	Årsrekneskap	8
	Årsmelding.....	8
4	Utfordringar og planbehov.....	8
4.1	Utfordringar.....	8
4.2	Planstrategi 2016-2019 status og vidareføring	9
4.3	Planbehov.....	10
5	Kommunal planstrategi 2020-2023.....	12
	Vedlegg.....	13

1 Innleiing


Kommunane skal utarbeide og vedta ein planstrategi, jf plan og bygningslova (pbl)§10-1, 1. ledd

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»

I pbl § 3-1 om oppgåver og omsyn i planlegginga etter plan- og bygningslova heiter det at:

«Planleggingen skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetninger for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig.»

1.1 Det kommunale plansystemet



Plan og bygningslova og kommunelova stiller krav til kva for styringsdokument ein kommune skal ha. Alle kommunar skal ha planstrategi, kommuneplan (samfunnsdel, arealdel og handlingsdel) , økonomiplan, årsbudsjett, rekneskap og årsmelding. I tillegg kommer ei rekke andre planar og styringsdokument som kommunen treng i dagleg drift.

1.2 Føremål med planstrategien

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

Planstrategien skal presentere rammeverket for den kommunale planlegginga,

- Kva for planar kommunen må ha
- Forventingar frå nasjonale og regionale myndigheit
- Korleis Aurland kommune skal tilpasse planlegginga til vårt behov basert på erfaringar frå planlegginga som er gjennomført
- gjere greie for utfordringane vi må planlegge for

På bakgrunn av desse vurderingane vert det utarbeid ein planstrategi for prioriterte planoppgåver i Aurland kommune dei neste fire åra.

Gjennom vedtak av planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan skal reviderast delvis eller heilt, eller om den skal vidareførast utan endringar.

Om dokumentet

Planstrategien gjer greie for dei formelle krava til kommunen sine plandokument i kap 1. I kap. 2 vert det kort gjort greie for nasjonale forventingar til den kommunale planlegginga, regionale forventningar er også nemnt heilt kort. I kap. 3 er det ein gjennomgang av plansystemet i Aurland. I kap 3.2 er plansystemet slik vi ønsker å bruke det framover definert. I kap 4 er det ein kort presentasjon av utfordringane henta frå utfordringsnotatet, ein gjennomgang av status for planar i førre planstrategi og ei vurdering av planbehovet. I kap 5 er sjølve planstrategien med ei vurdering av kva for planar kommunen skal prioritere å jobbe med og når arbeidet skal utførast i fire års perioden. Planstrategien har fokus på det kommunale plansystemet

2 Nasjonale og regionale føringar

2.1 Nasjonale føringar

Kvart fjerde år vert det utarbeidd eit dokument med nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging som skal sikre at nasjonale interesser vert ivareteke. Dette er med mål om å fremje berekraftig utvikling.

Regjeringa sine nasjonale forventningar vart vedteke 14.05.2019. Dei legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle.

Kommunane har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane. Planlegginga er eit av dei viktigaste verktøya kommunen har. I det dei nasjonale forventingane har regjeringa gjort greie for sine forventingar til kommunane si planlegging innanfor fire tema.

Planlegging som verktøy for heilskapleg berekraftig utvikling - viktige stikkord er FN sine berekraftsmål, strategisk retning på samfunnsplanlegging, tilpasse planar etter kommunen sitt

behov, digitale dialog i planprosessar, digitale kartdata, planstrategi, konsekvensar av å stå aleine, tilgang til kunnskap og kompetanse

Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet – viktige stikkord er klimaansvar, klimatilpassing, ROS-analysar til grunn for plan og utbygging, grønt omstilling, dei norske verdsarvområda utviklast som fyrstårn for beste praksis innanfor natur og kulturminneforvaltning gjennom arealplanlegging, drikkevasstryggleik, verdiskaping i nye grønne næringar i jord og skogbruk, jordvern, berekraftig utvikling i fjellet.

Berekraftig areal- og transportutvikling – viktige stikkord er fortetting og transformasjon, legge til rette for sykling og gonge, utbygging av mobil- og breibandnett.

Byar og tettstader der det er godt å bu og leve – viktige stikkord er bustadpolitikk ein del av areal og samfunnsplanlegginga, førebyggje levekårs utfordringar og utjamne sosiale forskjellar, universell utforming, stiar og tuveggar sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn, fysisk aktivitet og naturoppleving for alle, bruks og verneverdiar i vassdraga, helsefremjande bu- og oppvekstmiljø.

Regjeringa har bestemt at det er FN sine 17 mål for bærekraft som skal leggast til grunn for handtering av dei største utfordringane. Difor må berekraftsmåla bli ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

2.2 Regionale føringar

Vestland fylkeskommune jobbar med ein utviklingsplan for det nye fylket, dette er den regionale planstrategien. Kommunar skal legge utviklingsplanen til grunn for vidare planarbeid. Sjå utfordringsnotat for meir om regionale føringar.

3 Plansystemet i Aurland kommune

3.1 Plansystemet - status

Aurland kommune har kommuneplan med samfunnsdel og arealdel jf figur 1 som er vedteke hhv 2007 og 2009. I 2009 vart ny plan og bygningslov rettsgyldig . Arealdelen til kommuneplanen vart vedteken etter gamal lov.

Aurland kommune har fleire tematiske kommunedelplanar. Fleire av planane omfattar også tiltaks- eller handlingsdelar. Kommunedelplan for trafikktrygging og kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse med prioritert handlingsprogram for spelemiddelordninga er svært viktige planar. Om desse planane ikkje er oppdatert har ikkje kommunen grunnlag for å søke om tilskot til trafikktryggingstiltak eller midlar frå spelemiddelordninga.

Andre tematiske kommunedelplanar er kommunedelplan for næring og klima og energiplan. Dette er omfattande planar som ikkje har vore nytta særleg aktivt og som i liten grad har vore brukt som innspel inn i kommuneplanen sin handlingsdel eller økonomiplan

Aurland kommune har kvart år dei siste åra vedteke handlingsdelen til kommuneplanen, den har vore eit eige dokument og samanhangen med økonomiplan og budsjett som også har vore handsama årleg kunne vore betre.

I tillegg til desse planane er det fleire tematiske eller strategiske planar som vert nytta av einingane eller for tverrfagleg problemstillingar, døme på slike planar er demensplan og rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Det er viktig å tilpasse planlegginga slik at dei får ein form og eit omfang som gjev god samanheng mellom planane og gjer det lett å bruke planane.

3.2 Plansystem frå 2020

Kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi (etter pbl § 10-1) er eit verktøy for politisk prioritering av planaktivitet i valperioden. Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode innan eitt år etter konstituering utarbeide og vedta kommunal planstrategi. I planstrategien skal det på bakgrunn av kommunen sine utfordringar, nasjonale og regionale føringar og ny politikk, takast stilling til om heile eller delar av kommuneplanen skal reviderast. Planstrategien skal innehalde eit oversyn over gjeldande planar, samt ei vurdering og prioritering av planaktivitet i valperioden.

Kommuneplanen – samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel (etter pbl § 11-2) har ein funksjon som kommen sin overordna strategiske og samordna plan. Den skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet i heilskap og kommunen som organisasjon. I tillegg skal de gje føringar for kommen si planlegging elles og økonomiplanlegginga gjennom kommuneplanen sin handlingsdel. Aurland kommunen har handlingsdelen til kommuneplanen som ein integrert del av økonomiplanen.

Kommuneplanen – arealdelen

Kommuneplanen sin arealdel (etter pbl § 11-5) skal vise samanhengen mellom framtidig utvikling av samfunnet og arealbruk. Arealdelen skal vise hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og føresetnader for kva for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk. Den skal også vurdere kva omsyn som må takast ved disponering av areal. Arealdelen omfattar plankart, føresegner og planskildring kor det går fram korleis nasjonal mål og retningslinjer og overordna planar for arealbruk er ivareteke. Som grunnlag for arealdelen vert det utarbeidd risiko og sårbarheitsanalyse og konsekvensutgreiing om det er naudsynt.

Arealdelen skal vise hovudtrekka i korleis areala skal brukast og vernast, den bør vere relativ overordna og ikkje vere for detaljert. Arealdelen skal ha eit langsiktig perspektiv. Arealdelen skal leggjast til grunn for utarbeiding av meir detaljerte planar som områdereguleringsplanar og detaljreguleringsplanar. Det er også muleg å gjennomføre tiltak med heimel i arealdelen.

Det bør vere eit mål at arealdelen vert rullert kvart 4. år. På den måten kan ny arealbruk avklarast på eit overordna nivå og nye tiltak kan drøftast som ein del av ei overordna utvikling av samfunnet i Aurland kommune.

Reguleringsplan

Ein reguleringsplan (etter pbl § 12-1) er eit arealplankart med føresegner som viser bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Kommunestyret skal sørge for at det vert utarbeidd reguleringsplan for dei områda i kommunen det vil vere eit krav etter plan- og bygningslova eller etter arealdelen til kommuneplanen. I tillegg der det er behov for å sikre forsvarleg planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, fleirbruk og vern i høve private og offentlege interesser. For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknader

for miljø og samfunn er det krav om reguleringsplan. Reguleringsplan kan utarbeidast som områderegulering, jf. pbl § 12-2, eller detaljregulering, jf. pbl § 12-3.

Områdeplanar vert utarbeidd av kommunen. Detaljplanar vert utarbeidd knytt til meir konkrete prosjekt og kan utarbeidast av kommunen, andre offentlege instansar eller private aktørar.

Det må vere eit mål at sentrumsområda i kommunen har oppdaterte områdeplanar. Det gjer det enklare sjå områda i samanheng, vurdere løysingar for trafikk, parkering, infrastruktur og sette rammer for utnytting av areal. Når dette er gjort på overordna plan, vil det bli enklare prosessar og raskare handsaming av planar og byggesaker for konkrete utbyggingsprosjekt.

Tematisk kommunedelplan

Dette er planar som følgjer sakshandsamingsreglane i plan- og bygningslova. Utarbeiding av tematiske kommunedelplanar bør avgrensast til planar som det er knytt direkte oppfølging til. Bakgrunnen for det er at det vert uoversiktleg å ha mange tematiske kommunedelplanar med eigne handlingsprogram. Det vert meir oversiktleg å innarbeide viktige tema i den overordna samfunnsdelen.

Aurland kommune vil prioritere følgjande tematiske kommunedelplanar

- kommunedelplan for veg og trafikktrygging
- kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse

Tematiske planar

Samfunnsplanlegging som ikkje følgjer krava til prosess i plan- og bygningslova omfattar, politisk vedtekte strategiar, planar internt for einingane, temaplanar og handlingsplanar for sektor, tenestoområde eller særskilte samfunnstema. I desse dokumenta med tilhøyrande prosess vert strategiar og tiltak utvikla som grunnlag for endeleg prioritering i økonomiplan og oppfølging i planar for einingane. Planprosessane vert forma etter behov.

Tematiske plana skal ta omsyn til gjeldande samfunnsdel, samt andre planar som heilt eller delvis overlappar med tema for planen.

- | | |
|------------|---|
| Melding – | særskilt orientering til kommunestyret om eit saksfelt eller samfunnstema. Meldinga kan vere kunnskapsgrunnlag for diskusjon eller rapport om status på eit planområde. Ei melding kan handle om utviklingstrekk, vegval og utfordringar. Kommunestyret kan fatte vedtak om bestilling av planarbeid basert på ei melding, men ei melding skal ikkje omfatta planinnhald som strategiar, mål eller tiltak. Døme: Utviklingsmelding for oppvekst |
| Strategi- | ein overordna plankategori i plansystemet. Strategien syner kva som er målet og kva for strategiar kommunen kan ha for å få måla. Strategiar skal ikkje ha tiltak. Ein strategi er overordna og gjev føringar for utforming av politikk og planar for området strategien dekker. |
| Temaplan - | det mest omfattande planverktøyet og skal ha både mål, strategiar og tiltak, og kan ha visjon eller satsingsområde. Denne plantypen vil gjennom å definere tiltak ha meir direkte økonomiske konsekvensar enn strategiane. |

Handlingsplan- skal berre innehalde tiltak som skal sikre gjennomføring av vedteken strategi, temaplan eller utfordringar og mål klarlagt gjennom politiske vedtak eller andre overordna føringar

Økonomiplan med kommuneplanen sin handlingsdel

Økonomiplan skal omfatte heile kommunen si verksemd og gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Økonomiplanen ska omfatte dei fire neste budsjett år og vert revidert årleg. Kommuneplanen sin handlingsdel skal integrerast i økonomiplanen.

Årsbudsjett

Årsbudsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruken av desse i budsjettåret. Årsbudsjettet følgjer opp økonomiplanen og konkretiserer den. Den skal omfatte heile kommunen si verksemd. Årsbudsjettet er delt inn i driftsdel og investeringsdel. Budsjettet vert revidert årleg og budsjettet for året som kjem skal gjerast vedtak om innan utgangen av året.

Årsrekneskap

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som er disponert gjennom året og korleis dei er brukt. Rekneskap vert utarbeidd for kvart kalenderår.

Årsmelding

Årsmelding vert lagt fram samstundes som årsrekneskapen, og er rådmannen si melding om kommunen si verksemd det siste året. Årsmeldinga skal rapportere på prioriterte mål og tiltak som er satt i handlingsdelen. Den skal gje opplysningar som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske stilling og resultatet av verksemda. Den skal også gjere greie for andre vesentlege forhold. Årsmelding vert utarbeidd for kvart kalenderår

4 Utfordringar og planbehov

4.1 Utfordringar

Det ligg føre eit utfordringsnotat som grunnlag for arbeidet med planstrategien, økonomiplan 2021-2024 og oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel. Med utgangspunkt i dei tema som er omtala i utfordringsnotatet vert utfordringsbiletet oppsummert i 10 punkt:

- Arealknappeheit – knytt til naturfare, dyrka mark, strandsone, infrastruktur
- Naturfarar og beredskap – flaum, skred og ulykker
- Næringsutvikling
- Omstilling til grøn teknologi og klimatilpassing i offentleg og privat sektor
- Besøksforvaltning - transport og parkering, fellesgode finansiering, slitasje på natur og kulturverdiar
- Nok bustader tilgjengeleg i rett variasjon

- Kommunale tenester –auke i tal eldre, integrering, barn og unge som dett utanfor samfunnet
- Fysisk aktivitet og nærmiljø
- Omdøme og frivilligheit
- Halde fram som eigen kommune – samfunnsutvikling, interkommunalt samarbeid, eigarskapsstyring, effektiv tenesteproduksjon

Utfordringsnotatet er meint å vere ein del av kunnskapsgrunnlaget. Eit breitt kunnskapsgrunnlag er viktig når kommunestyret no skal gjere val og vedta prioriteringar knytt til kommunen si planlegging for inneverande kommunestyreperiode. Kunnskapsgrunnlaget kan med fordel supplerast med anna relevant statistikk og fakta.

4.2 Planstrategi 2016-2019 status og vidareføring

Nedanfor vert gjeldande planstrategi gjennomgått med status etter fire års perioden og vurdering av om planen skal vere ein del av planstrategien for neste fire års periode.

Plandokument	Status 2019	Planstrategi 2020-2023
KP Samfunnsdel	Plan frå 2007 prioritert, revisjon ikkje starta opp	Gjennomføre revisjon
KP arealdel	Plan frå 2009 prioritert, revisjon ikkje starta opp	Gjennomføre revisjon
KDP kulturarv	Slutfase no	Avslutte 2020
KDP klima og energi	Plan frå 2011	Tema i samfunnsdel
KDP ved og trafiktryggleik	Plan frå 2013	Gjennomføre revisjon
KDP fysisk aktivitet og folkehelse	Plan frå 2015, forlenga eitt år om gangen	Innarbeide folkehelse i KP samfunnsdelen Revidere plan knytt til spelmiddel
KDP helse og omsorg	Plan frå 2014	Tema i samfunnsdel
KDP næring	Plan frå 2014	Tema i samfunnsdel
Ty del 2, bustad	Vedteken plan 2016	
Heggvikji-Bøen, turveg	Vedteken plan, oppfølging starta	
Reguleringsplan for tilkomst til Flåm skule	Vedteken plan, delvis gjennomført	
Reguleringsplan for Flåm kyrkje – Flåmshagen	Vedteken plan, delvis gjennomført	
Reguleringsplan Helgheim	Vedteken plan, arbeid ikkje starta	
Reguleringsplan Fretheimshaugane del 2	Vedteken plan, oppfølging starta	
Reguleringsplan ny barnehage	Vedteken plan, oppfølging starta	
Områdeplan for Undredal	Vedteken plan	
Områdeplan Flåm	Under arbeid	Avslutte 2021
Reguleringsplan Steingjerde, bustad	Starta opp, stilt i bero	
Ny tilkomst Ty	Vedteken plan 2018, oppfølging starta	
Terahagen, næringsareal	Prioritert, ikkje starta opp	Utarbeide plan i perioden
Sentrumsutvikling Aurlandsvangen	Ikkje prioritert, ikkje starta opp	Utarbeide plan i perioden
Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan	Årleg revisjon	Gjennomførast årleg

Plandokument	Status 2019	Planstrategi 2020-2023
Årsbudsjett	Årleg revisjon	Gjennomførast årleg
Kjerneområde landbruk	Starta opp	Kunnskapsgrunnlag KPA avslutt 2020
Sti og løypeplan	Starta opp	Kunnskapsgrunnlag KPA avslutte 2020
Friluftsområde	Ferdig	Kunnskapsgrunnlag KPA
Tiltaksstrategi SMIL	Vedteken plan	Skal ikkje inngå i planstrategi
Forvaltningsplan Hjortevilt	Ikkje starta opp	Skal ikkje inngå i planstrategi
Hovudplan Vatn	Prioritert, ikkje starta opp	Skal ikkje inngå i planstrategi
Hovudplan Avlaup	Prioritert, ikkje starta opp	Skal ikkje inngå i planstrategi
Kommunereforma	Avklart i planperioden	Skal ikkje inngå i planstrategi
Overordna ROS	Gjeldande ROS frå 2014	Skal ikkje inngå i planstrategi
Beredskapsplan	Oppdatert sist 2019	Skal ikkje inngå i planstrategi
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	Revisjon, starta opp	Skal ikkje inngå i planstrategi
Eigarskapsmelding	Vedteke	Skal ikkje inngå i planstrategi
Lønspolitiske retningslinjer	Vedteke	Skal ikkje inngå i planstrategi
Serviceerklæringer	Vedteke for dei fleste tenester	Skal ikkje inngå i planstrategi
Bemanningsplan	Ikkje prioritert	Skal ikkje inngå i planstrategi
Plan for bustadsosialt arbeid (bustadpolitisk plan)	Vedteken plan	Innarbeide i KP samfunnsdel
Kompetanseplan	Utarbeidd einingsvis	Skal ikkje inngå i planstrategi
Frivilligmelding	Prioritert, ikkje starta opp	Skal ikkje inngå i planstrategi
Evaluering av politisk struktur	Gjennomført etter valet i 2019	Skal ikkje inngå i planstrategi
Arbeidsgjevarstrategi	Ikkje prioritert	Skal ikkje inngå i planstrategi
Finansreglement	Prioritert, ikkje starta opp	Skal ikkje inngå i planstrategi
IKT-strategi	Starta opp i ÅLA	Skal ikkje inngå i planstrategi
Folkehelseoversikt	Slutfase no	Lovkrav grunnlag for kommuneplan
Plan for besøksforvaltning Verdsarvområde vestnorsk fjordlandskap	Gjennomført i samarbeid med eksterne - sluttrapport 2018	Skal ikkje inngå i planstrategi
Kartlegging av flaum og skredsikringstiltak	Ikkje starta opp	Skal ikkje inngå i planstrategi
Utviklingsmelding for grunnskule, barnehage og kulturskule	Årleg tilstandsrapport	Skal ikkje inngå i planstrategi
Evaluering av skulehelsetenesta	Ikkje prioritert	Skal ikkje inngå i planstrategi
Kommunekompasset	Ikkje prioritert	Skal ikkje inngå i planstrategi
Medarbeidarundersøking	Gjennomført 2016	Skal ikkje inngå i planstrategi

4.3 Planbehov

Aurland kommune sin samfunnsdel er vedteken i 2007 og arealdelen er vedteken i 2009. Det har skjedd store endringar i lokalsamfunnet vårt på den tida. Reiselivet har blitt ei stor næring som gjev grunnlag for arbeidsplassar, busetnad og utvikling i andre næringar.

Fleire private aktørar ønsker å utarbeide reguleringsplanar for sine prosjekt. Dette er prosjekt som ikkje er avklart gjennom kommunen si overordna planlegging. Dermed vert det stort utgreiingsbehov knytt til planar og prosjekt. Slike planframlegg vert møtt med motsegner frå statlege og regionale styresmakter, som etterspør kommunen sine overordna strategiar for utvikling av t.d. reiselivet. Det er stort behov for revisjon av både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen.

Aurland kommune har fram til no lagt stor vekt på utarbeiding av tematiske kommunedelplanar og reguleringsplanar.

- Tematiske kommunedelplanar med handlingsprogram er i liten grad brukt som innspel til kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og budsjett. Planar som er heilt naudsynte å ha oppdatert og gyldige til ei kvar tid har ikkje blitt prioritert og kommunen går glipp av moglegheita til å søke om tilskot til td. trafikktryggingstiltak.
- Kommunale reguleringsplanar som er knytt til konkrete prosjekt t.d. bygging av Furuly er gjennomført
- Kommunale reguleringsplanar som legg til rette for utbygging av bustadområde, men som ikkje er knytt til konkrete prosjekt er ikkje gjennomført, td reguleringsplan for Smiebakken vedteken i 2010.

Utarbeiding av planar krev tid og ressursar, både politisk, administrativt og blant innbyggjarar, næringsdrivande, lag og organisasjonar. Planprosessar skapar forventningar i lokalsamfunnet. Det vert gjennomført prosessar som skapar engasjement og dei som let seg engasjere håpar på at deira framlegg til tiltak vert gjennomført. Omfanget av planar har blitt for stort og arbeidet som har vore lagt ned i utarbeiding av planane er i liten grad blitt brukt vidare i prosessar med økonomiplan, handlingsdel og budsjett.

Erfaringane så langt tilseier at Aurland kommune bør utarbeide færre planar og ha fokus på å halde den overordna kommuneplanen med arealdel og samfunnsdel oppdatert, framfor å utarbeide tematiske kommunedelplanar som i liten grad vert brukt.

5 Kommunal planstrategi 2020-2023

	Planarbeid/år	2020	2021	2022	2023
	Overordna planar				
1	Kommuneplan samfunnsdel				
2	Kommuneplan arealdel				
3	Kommunedelplan for kulturarv				
4	Kommunedelplan for veg og trafikktrygging				
5	Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse				
6	Hovudplan for vatn og avlaup				
	Kommunale reguleringsplanar				
7	Områdeplan Flåm				
8	Områdeplan Aurlandsvangen				
9	Detaljregulering Steingjerde i Flåm - bustadføremål				
10	Detaljregulering Terahagen, næringsareal				
11	Detaljregulering Smiebakken				
	Planar og styringsdokument etter kommunelova				
	Økonomiplan m/ handlingsdelen til kommuneplanen				
	Årsbudsjett				
	Årsrekneskap				
	Årsmelding				
	Planstrategi				
	Kommunal planstrategi 2024-2027				

Vedlegg

Utfordringsnotat 2020-2023/2032, godkjent av rådmannen 20.05.20